

## - Campingvagnar ytst på neset ein føresetnad

20.07.2008



Campingvagnar i område C3 er ein føresetnad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Etter avtale med Johannes Tufteland og grunneigarane har J. Tufteland AS no overteke ansvaret for å vidareføra arbeidet med reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen.**



Næringsområde her vil utgjera ein vesentleg del av inntektsgrunnlaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein av innvendingane som har kome frå miljøvernavdelinga til fylkesmannen er at store deler av planforslaget er i strid med overordna plan.

Dette kommenterar Øystein Tufteland med at det har vore ein lang og komplisert planprosess, der både grunneigarane og kommunen har måtta inngå ei rekkje kompromiss undervegs,

Fylkesmannen har fremja motsegn mot at området C3 skal nyttast til campingvagnar og føreslått køyreveg til

parkeringsplass i friområdet ytst på neset.

Her understrekar Tufeland at forslaget om å få godkjent campingvognar i dette området er ein vesentleg føresetnad både for planarbeidet og for avtalen mellom grunneigarane.

Difor ber Tufeland om at kommunen tek opp forhandlingar med fylkesmannen om dette spørsmålet med sikte på å få godkjent C3 som område for campingvognar.

På den andre sida har Tufeland no fjerna køyreveg og parkeringsplass i friluftsområdet mot vest slik at fylkesmannen si motsegn er delvis imøtekomme.

Fylkesmannen si landbruksavdeling har rådd sterkt ifrå å omdisponera området F3 frå fulldyrka mark til byggeområde for herberge og bevertning. Tufeland viser at at kommunen har vurdert dette spørsmålet og funne å kunna godkjenna omdisponeringa.

Det er svært viktig for grunneigaren å få godkjent området som næringsområde, då dette vil utgjera ein vesentleg del av inntektsgrunnlaget på bruket. Det er sett krav i føresegnene om at det skal utarbeidast utbyggjingsplan for området.

Føresegnene er no rette opp på fleire punkt. Mellom anna at det berre blir tillatt med tretelt i ytterkanten av område C1, slik at 60-meter-sona til kyrkja vert halde open.

Vegvesenet meiner at området burde vore løyst med berre ein avkjørsel, men Tufeland svarar at det er vanskeleg å få til dette med ulike grunneigarar og ulik bruk av området.

Av Ola Matti Mathisen